Kommunal- og distriktsdepartementet

Rettleiar

Rettleiar om konstituerande møte i kommunestyre og fylkesting og val til folkevalde organ

Ein rettleiar til kommunelova 2018



1 INNLEIING 5
2 NÆRARE OM DET KONSTITUERANDE MØTET 7
2.1 Innkalling 7
2.2 Kva for val skal eller bør gjerast 7
2.3 Kva for organ skal eller kan kommunen opprette? 8
2.4 Når trer dei ulike organa i funksjon? 9
2.5 Kven blir folkevalde? 10
3 VAL AV ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR 11
4 VAL TIL FOLKEVALDE ORGAN I KOMMUNEN 12
4.1 Formannskap 12
4.2 Kontrollutval 13
4.3 Utval 14
4.4 Kommunestyrekomitear 15
4.5 Styret i kommunale føretak 16
4.6 Val til organ i interkommunale samarbeid etter kommunelova 17
4.6.1 Innleiing 17
4.6.2 Interkommunale politiske råd 18
4.6.3 Kommunalt oppgåvefellesskap 18
4.7 Andre organ 19
4.7.1 Partsamansette utval 19
4.7.2 Lovpålagte råd for medverknad 20
4.7.3 Kommunedelsutval 21
5 OM VAL AV KOMMUNERÅD OG PARLAMENTARISK STYREFORM 22
5.1 Aktuelle lovreglar 22

5.2 Val av kommuneråd 22
5.2.1 Valtidspunkt 22
5.2.2 Skifte av kommuneråd i valperioden 23
5.2.3 Uttreden frå andre verv medan ein er medlem av kommunerådet 23
5.3 Utpeiking av kommunerådsleiar og medlemer av kommunerådet 24
5.4 Fråtreding frå kommunerådet 25
5.5 Politiske stillingar 25
6 KVEN KAN OG KVEN KAN IKKJE VELJAST TIL FOLKEVALDE ORGAN 25
6.1 Kven kan veljast 25
6.2 Kven kan ikkje veljast? 28
7 KORLEIS VELJE MEDLEMER TIL FOLKEVALDE ORGAN 29
7.1 Kva metode skal nyttas? 29
7.2 Avtaleval 29
7.3 Forholdsval 32
7.3.1 Listeframlegg 32
7.3.2 Sjølve valet 34
7.4 Fleirtalsval 36
8 UTTREDEN, FRITAK M.M. 37
8.1 Uttreden 37
8.2 Fritak 37
8.3 Suspensjon 39
8.4 Avgjerder om å ta vervet frå ordføraren 39
9 OPPRYKK, NYVAL OG SUPPLERINGSVAL 40
9.1 Opprykk og innkalling av varamedlem 40

9.2 Val av setjemedlem 41

9.3 Opprykk og nyval 42

9.3.1 Innleiing 42

9.3.2 Opprykk i kommunestyret og direkte vald kommunedelsutval 42

9.3.3 Nyval når medlemer trer endeleg ut av folkevalde organ som ikkje er direkte vald 42

9.4 Suppleringsval 44

10 VERKNADER AV AT FEIL 44

10.1 Kva skjer dersom eit organ som ikkje er lovleg samansett gjer vedtak 44

10.2 Korleis rette feil ved valet 45


11 VAL OG KONSTITUERING AV NYTT KOMMUNESTYRE VED DELING AV KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR 45

1 INNLEIING

Hausten 2023 er det val til nye kommunestyre og fylkesting. Når valet er gjennomført, er det avklart kven som er nye medlemer i kommunestyret og fylkestinget. Etter valet skal dei nye kommunestyra og fylkestinga konstituera seg. I det konstituerande møtet vel kommunestyret og fylkestinget ein rekke medlemer til ulike folkevalde organ. I denne rettleiaren gjer departementet greie for føresegnene som gjeld valet av medlemer og kven som kan veljast til folkevalde organ. Departementet vil òg seie noko om andre relevante føresegn, mellom anna kva som skjer dersom ein medlem trer ut av eit folkevald organ.

Kommunelova inneheld ei rekke føresegn om val til folkevalde organ og deira verksemd etter valdagen. Den nogjeldande kommunelova (lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner) trådde i all hovudsak i kraft i det konstituerande møte i kvar einskild kommune og fylkeskommune i 2019. Det har også nyleg blitt vedteke endringar i lova, som gjeld frå 1. juli 2023. Denne rettleiaren har innarbeida ei omtale av endringane som er relevant for konstitueringane. Sjå Prop. 60 L (2022–2023) Endringer i kommuneloven m.m. (arbeidsutvalg og valg i folkevalgte organer) for nærare rettleiing og grunngjeving for dei nye endringane i kommunelova.

Departementet minner for ordens skyld om at det er vallova som regulerer sjølve valet til kommunestyret og fylkestinget, medrekna kven som er valbare til kommunestyret og fylkestinget. Det som skjer etter valdagen, medrekna val til andre folkevalde og kommunale organ, er regulert i kommunelova. Her er ei tidslinje som viser rekkjefølgja og kva føresegn som gjeld kva:



I tillegg til å velje medlemer til organa er det ei rekke andre saker det nye kommunestyret og fylkestinget bør gjere i starten av ein valperiode. Dette er saker som ikkje blir omtala i rettleiaren, men som vi nemner fordi det er viktig at kommunane og fylkeskommunane er merksame på dei. For det første skal kommunestyret vedta eit reglement for delegering og innstilling innan 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget blei konstituert, jf. kommunelova § 5-14. For det andre står det i § 5-13 første ledd at nesten alle folkevalde organ skal ha eit reglement som fastslår organets verkeområde, myndigheit og perioden organet er oppretta for. Kommunestyret og fylkestinget kan også etter § 11-12 fastsetje eit reglement med nærmare føresegn om sakshandsaminga i folkevalde organ.

Kommunestyret og fylkestinget skal også gje forskrifter om forhold som gjeld dei einskilde folkevalde. Dette er mellom anna forskrift om erstatning for tapt inntekt etter § 8-3, forskrift om godtgjersle for arbeidet som folkevald etter § 8-4 og forskrift om dei folkevalde si rett til permisjonar etter § 8-10. Det er viktig å hugse på at regelverket som kommunen og fylkeskommunen vedtek etter § 8-3 til § 8-10, skal gjerast som ei forskrift, sjå forvaltningslova kapittel VII.

Når teksten i denne rettleiaren i det vidare viser til kommune, kommunestyret osv., så skal det også innebere fylkeskommune, fylkesting osv. med mindre noko anna er presisert. Rettleiaren vil også vise til "folkevalde organ", og dette er meint å gjelde både folkevalde organ etter § 5-1 og andre kommunale organ etter § 5-2 så lenge det ikkje er presisert noko anna.

2 NÆRARE OM DET KONSTITUERANDE MØTET

2.1 Innkalling

Dei nyvalde kommunestyra skal kome saman til konstituerande møte innan utgangen av oktober månad, jf. kommunelova § 7-1 første ledd første punktum. Det er den sitjande ordføraren som kallar inn til det konstituerande møtet, og som leiar møtet fram til det er vald ny ordførar. Møtet skal kallast inn med minst 14 dagars varsel, og minst 2/3 av medlemene må vere til stade for at det nyvalde kommunestyret skal kunne gjere vedtak.

Som første sak skal kommunestyret avgjere om kommunestyrevalet er gyldig. Dette følgjer av vallova § 13-4 første ledd. Har kommunen halde direkte val til kommunedelsutval, avgjer kommunestyret også om desse vala er gyldige, og dette skal gjerast før ein gjer andre val.

Lova tek ikkje stilling til kva som skjer dersom ein kommune av ulike årsaker ikkje klarer å gjennomføre det konstituerande møtet før fristen i kommunelova § 7-1. I fall eit slikt tilfelle skulle oppstå, så legg departementet til grunn at medlemene frå førre valperiode held fram som medlemer i organet til kommunen har sitt konstituerande møte og har valt nye medlemer. Det same vil også gjelde for medlemene av kommunestyre, dersom det nye kommunestyret ikkje har vedteke at kommunestyrevalet er gyldig innan fristen.

2.2 Kva for val skal eller bør gjerast

I det konstituerande møtet skal kommunestyret velje:

- formannskap
- ordførar og varaordførar
- kontrollutval

I det konstituerande møte skal fylkestinget velje:

- fylkesutval
- fylkesordførar og varaordførar
- kontrollutval

Nytteomsyn taler for at ein følgjer rekkefølgja i lista over. Det blir då lettare å sikre seg at reglane om at ordførar og varaordførar må vere medlem av formannskapet, og at ein medlem av kontrollutvalet ikkje kan vere medlem av formannskapet, blir følgt.

Val til eit eventuelt kommuneråd skal òg finne stad i det konstituerande møtet ved vidareføring av parlamentarisk styringsform, jf. kommunelova § 10-4 andre ledd.

Val til andre folkevalde organ i kommunen og leiarar i organa bør i følgje lova § 7-1 tredje ledd andre punktum òg haldast i det konstituerande møtet. Det gjeld for eksempel ulike utval, styret i eit kommunalt føretak, òg kven kommunen skal velje som medlem i representantskapet i interkommunale samarbeid etter kommunelova kapittel 18 og 19. Det er likevel ikkje noko krav at desse vala blir gjennomført i dette møtet, men dei eksisterande organa med medlemer frå den siste perioden vil ikkje gjelde lenger enn nyttår, sjå § 7-1 femte ledd og punkt 2.4 under. Dersom det ikkje blir valt medlemer til dei ulike organa innan nyttår, vil organa i kommunen altså automatisk ikkje lenger vere i funksjon.

Det er ikkje uvanleg at dei nyvalde kommunestyra ønsker å gjere også andre val i det konstituerande møte. Dette kan være val av medlemer til organ i interkommunale selskap (IKS), stiftingar eller andre organisasjonar. Desse vala er ikkje direkte regulert av føresegnene om val i kommunelova, og det er ikkje noko krav i kommunelova om at slike val må gjerast i det konstituerande møte.

Når det gjeld val til representantskapet i interkommunale selskap etter IKS-lova, så er dette regulert i IKS-lova § 6 andre ledd. Etter ei lovendring som trer i kraft 1. juli 2023 står det no at kommunestyret sjølv avgjer om dette valet skal gjerast ved forholdsval, avtaleval eller fleirtalsval. Det skal óg veljast minst to varamedlemer for kvart faste medlem av representantskapet. Sjå Prop. 61 L (2022–2023) Endringar i lov om interkommunale selskaper (møteoffentlegheit, økonomiforvaltning m.m.) for nærare rettleiing om denne endringa og andre endringar i IKS-lova.

2.3 Kva for organ skal eller kan kommunen opprette?

I kommunelova er det i § 5-1 andre ledd og § 5-2 andre ledd lista opp kva for organ kommunen kan opprette som del av den politiske organiseringa i kommunen. Det er berre lov til å opprette dei organa som er nemnt, jf. § 5-1 første ledd og § 5-2 første ledd. Nokre av organa er kommunen pliktige til å opprette, som for eksempel formannskap, kontrollutval, partsamansette utval og medverknadsråda nemnt i § 5-2 andre ledd bokstav e. Elles har kommunane nokså stor fridom til å velje ulike organ, og som vi skriv om i punkt 4.3, kan utval etter § 5-7 nyttes til mange ulike typar verksemd.

Dei to paragrafane §§ 5-1 og 5-2 handlar om høvesvis "folkevalde organ" og "andre kommunale organ". Reglane er stort sett dei same, og begge typar organ må for eksempel følgje alle sakshandsamingsreglane i kapittel 11 i lova. Dette er lista over dei folkevalde organa i kommunen:

a) kommunestyre og fylkesting
b) formannskap og fylkesutval
c) kommuneråd og fylkesråd
d) utval, inkludert kommunedelsutval og kontrollutval
e) arbeidsutval
f) felles, folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid
g) kommunestyre- og fylkestingskomitear
h) styret for deler av den kommunale eller fylkeskommunale verksemda i parlamentarisk styrte kommunar eller fylkeskommunar
i) representantskap og andre styringsorgan for eit interkommunalt politisk råd
j) representantskap for eit kommunalt oppgåvefellesskap
k) eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ med heimel i særlov

Etter § 5-1 tredje ledd må organa som er nemnt i bokstavane a til d og g ha den nemninga som er nytta om organet i lista i namnet sitt. Det betyr at alle utval i kommunen skal heite noko med utval for eksempel planutval og oppvekstutval. Ein kommune kan også bruke «by» eller «herad» i staden for «kommune», det vil seie at det er mogleg å ha eit «bystyre» eller «heradsstyre».

Dette er dei organa som er "andre kommunale organ" etter § 5-2:

a) partssamansette utval
b) styret for ein institusjon
c) underordna styringsorgan for eit kommunalt oppgåvefellesskap
d) styret for eit kommunalt eller fylkeskommunalt føretak
e) eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetjing og ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, og arbeidsutval for desse.

2.4 Når trer dei ulike organa i funksjon?

Etter kommunelova § 7-1 fjerde ledd trer kommunestyret, fylkestinget, formannskapet og fylkesutvalet i funksjon frå det konstituerande møtet. Dei andre folkevalde organa, ordførar og varaordførar trer i funksjon straks dei er vald.

Dersom det ikkje blir vald nye medlemer til eit folkevald organ i det konstituerande møtet, skal funksjonstida til dei sitjande medlemene utvidast til det blir vald nye medlemer. Dette gjeld likevel berre til første årsskifte i den nye perioden, jf. § 7-1 femte ledd. Føresegna i § 7-1 inneber at kommunen har ein frist til å velje medlemer for at organet ikkje skal tre ut av funksjon.

Eit kommune- og fylkesråd som skal peikast ut etter reglane i § 10-5 trer i funksjon frå sitt eige konstituerande møte. For kommune- og fylkesråd som veljast etter § 10-4 gjeld hovudregelen i § 7-1 fjerde ledd, det vil seie at rådet trer i kraft straks det er vald.

Lova set berre ein frist for når *kommunestyret* må ha sitt konstituerande møte. Det er ingen frist for når eit direktevald kommunedelsutval etter § 5-8 må ha sitt konstituerande møte. Valet av direktevalde kommunedelsutval må godkjennast i kommunestyret sitt konstituerande møte. Sjølv om desse utvala er direkte vald av innbyggjarane og ikkje veljast av kommunestyret, så er det den generelle føresegna i § 7-1 fjerde ledd andre punktum som gjeld. Det betyr at dei trer i funksjon i det konstituerande møte når valet er godkjent.

Når det gjeld kommunar og fylkeskommunar som blir delt frå 1. januar 2024, har departementet gitt særlege reglar for konstituering i forskrifter, sjå omtale i kapittel 11.

2.5 Kven blir folkevalde?

Kommunelova § 5-1 fjerde ledd bokstav a til e definerer kven som er folkevalde personar i kommunelova si forstand.

Medlemer av kommunestyret og fylkestinget er folkevalde. Det same gjeld medlemer i kommunedelsutval som er direkte vald etter føresegna i § 5-8. Begge desse gruppene er direkte vald av innbyggarane, og skal naturlegvis vere folkevalde. Sjølv om lova berre viser til medlemer av kommunestyret og kommunedelsutval, så er også varamedlemer til dei folkevalde organa folkevalde.

Vidare er det slik at alle medlemer av folkevalde eller andre kommunale organ som er vald av eit anna folkevald organ, skal reknast som folkevalde. Dette gjeld også der personen ikkje er medlem av kommunestyret. Det betyr at medlemer av utval, kommunedelsutval, representantskap, medverknadsråd og styrer som er vald av kommunestyret er folkevalde. Medlemer av eit arbeidsutval er også folkevalde, sjølv om dei ikkje sitter i kommunedelsutvalet, jf. § 5-7 tredje ledd.

Personar som er folkevalde, men som ikkje er medlem av kommunestyret eller direkte vald av innbyggjarane, blir nokre gonger kalla «indirekte folkevalde». Tilsvarande blir medlemene av kommunestyret nokre gonger kalla «direkte folkevalde». Det er likevel viktig å hugse på at for eksempel utvals- eller medverknadsrådsmedlemer er folkevalde etter kommunelova på lik linje med medlemene i kommunestyret.

Det skjer at personar som er tilsett i kommunen blir vald inn i folkevalde organ. Dersom dei er vald inn av eit folkevald organ, eller på anna måte er omfatta av definisjonen i § 5-1, så er dei folkevalde personar med dei rettane og plikta som følgjer med. Dei møter i organet som folkevald, og ikkje i eigenskap av å vere tilsett i kommunen. Det er då viktig å vere merksam § 11-10 andre ledd som handlar om ugildheit i tilfelle der ein tilsett òg er medlem av eit folkevald organ.

Medlemene i kommunerådet i parlamentarisk styrte kommunar er folkevalde. Dersom det er kommunestyret som vel medlemene i kommunerådet etter § 10-4, så følgjer det av definisjonen i § 5-1 fjerde ledd bokstav b at medlemene i rådet er folkevalde. I dei tilfella kor ordføraren peikar ut ein kommunerådsleiar som sjølv set saman rådet og nemner opp dei andre medlemene i rådet, så slår § 5-1 fjerde ledd bokstav d og e fast at leiaren og medlemene også er folkevalde.

I nokre tilfelle så kan dei tilsette velje medlemer til eit folkevald organ. Dette gjeld for eksempel medlemer vald at dei tilsette til styret i eit kommunalt føretak vald etter § 9-6 og medlemer av partsamansette utval vald av dei tilsette etter § 5-11 andre ledd. Medlemer av eit folkevald eller anna kommunalt organ som er vald av dei tilsette, skal ikkje reknast som folkevalde. Det betyr mellom anna at dei ikkje er omfatta av reglane om folkevalde si rettar og plikter i kapittel 8.

3 VAL AV ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR

Val av ordførar og varaordførar er regulert i kommunelova § 6-2 og reglane om fleirtalsval i § 7-8. Kommunestyret vel sjølv ordførar og varaordførar i det konstituerande møtet, jf. § 7-1 tredje ledd.

Ordførar og varaordførar skal veljast for heile valperioden, jf. § 6-2 andre ledd andre punktum. Det er altså ikkje lov at to kandidatar deler på vervet med ein periode på to år kvar.

Dei som er valbare til verva som ordførar og varaordførar, er berre dei faste medlemene av formannskapet. Det vil seie at varamedlemer til formannskapet ikkje kan veljast som ordførar eller varaordførar. Departementet har likevel kome til at det truleg vil vere høve til å velje ein *setjemedlem* i formannskapet som *mellombels* varaordførar. Setjemedlemen kan då ikkje bli valt som mellombels varaordførar for ein lengre periode enn perioden vedkomande er setjemedlem i formannskapet. Dersom det for eksempel skal veljast ein setjemedlem for ein tidsubestemt periode (typisk ved sjukdom eller der formannskapsmedlemen har fått eit rikspolitisk verv), så kan setjemedlemen bli vald som mellombels varaordførar i denne perioden. Ein setjemedlem kan likevel ikkje bli valt til ordførar eller «vanleg» varaordførar.

I kommunar med parlamentarisk styreform er det berre faste medlemer av kommunestyret som er valbare til verva som ordførar og varaordførar.

Nytt i kommunelova er at det er presisert i § 6-2 fjerde ledd at det *skal* veljast ny varaordførar i høve kor varaordførar trer endeleg ut av vervet. Det skal òg veljast ny mellombels varaordførar viss varaordføraren trer mellombels ut av vervet. Dette er ikkje innhaldsmessige endringar, men ei klargjering av gjeldande rett.

Korleis valet av ordførar og varaordførar skal skje, er omtalt i kapittel 7.4.

4 VAL TIL FOLKEVALDE ORGAN I KOMMUNEN

4.1 Formannskap

Føresegnene om formannskap står i kommunelova § 5-6, og gjeld ikkje for kommunar med parlamentarisk styreform ettersom dei ikkje skal ha noko formannskap. Ei omtale av val av kommuneråd er tatt inn i kapittel 5 i rettleiaren.

Formannskapet må ha minst fem medlemer, og det er kommunestyret sjølv som vel medlemene, jf. § 5-6 første ledd første punktum. Medlemene i formannskapet må vere faste medlemer av kommunestyret.

Medlemene skal veljast på vanleg måte, det vil seie at det skal vere avtaleval så lenge det ikkje er minst ein medlem som krev forholdsval, sjå kapittel 7 om valmåtane.

4.2 Kontrollutval

Etter kommunelova § 23-1 første ledd vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som på vegne av kommunestyret skal føre laupande kontroll med forvaltninga i kommunen. Kommunestyret vel òg sjølv leiar og nestleiar i kontrollutvalet.

Etter § 23-1 andre ledd skal kontrollutvalet ha minst fem medlemer. Minst ein av medlemene i utvalet skal veljast mellom medlemene av kommunestyret.

Leiaren av kontrollutvalet kan ikkje vere medlem av same parti eller same gruppe som ordføraren i kommunen. Grunngjevinga for regelen er at det skal vere ei viss grad av politisk avstand eller uavhengigheit mellom ordføraren og leiaren av kontrollutvalet. Uttrykket «gruppe» i § 23-1 andre ledd tyder grupperingar eller lister som er valt inn i kommunestyret, og som ikkje er eit «parti». Ein typisk «gruppe» er ein by- eller bygdeliste. I denne samanhengen har dermed gruppe ei meir avgrensa tyding enn i reglane om val til folkevalde organ i kapittel 7, kor gruppe òg blir brukt om listesamarbeid mellom fleire parti.

Dei vanlege krava til valbarheit i § 7-2 og kven som er utelukka etter § 7-3 gjeld òg for kontrollutval. I § 23-1 tredje ledd bokstav a–h er det i tillegg særlege reglar om kven som ikkje kan veljast til kontrollutvalet. Dette er:

- ordførar og varaordførar
- medlemer og varamedlemer av formannskapet
- medlemer og varamedlemer av folkevald organ med myndigheit til ta avgjerd (merk at medlemer og varamedlemer av kommunestyret likevel er valbare)
- medlemer av kommuneråd
- medlemer og varamedlemer av kommunestyrekomité.
- tilsette i den aktuelle kommunen
- personar som har ei leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i
- personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Det nedste punktet var nytt i 2018-lova, og gjeld dei tilfella der representantskapa i eit slikt interkommunalt samarbeid har oppretta eit underordna styringsorgan etter høvesvis § 18-3 fjerde ledd og § 19-3 femte ledd. Dersom eit slik organ i realiteten er eit

"styre" med dei oppgåvene og myndigheit som ligg til eit normalt styre i eit selskap, så kan medlemene og varamedlemene i dette organet ikkje veljast til kontrollutvalet.

Lova slår vidare fast at ein person som er tilsett i kommunen, ikkje kan veljast til kontrollutvalet. Dette gjeld uavhengig av kva brøk vedkomande er tilsett i. Bakgrunnen for regelen er omsynet til å sikre at kontrollutvalet og medlemene skal vere uavhengig og utan bindingar til kommunen. Dessutan vil ein hindre at medlemer av kontrollutvalet får saker til handsaming som gjeld dei sjølve eller verksemda der dei er tilsette.

Kommunestyret kan når som helst halde nyval av medlemene i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-1 fjerde ledd. Viss kommunestyret vil byte ut ein eller fleire medlemer av utvalet, skal alle medlemene veljast på nytt. Det er likevel høve for kommunestyret å velje ny leiar eller nestleiar blant dei eksisterande medlemene, utan å gjennomføre eit nyval av heile kontrollutvalet.

I motsetnad til det som gjeld for utval, kan kommunestyret ikkje vedta å leggje ned kontrollutvalet i valperioden. Kontrollutval er eit lovpålagd organ.

Utvalet sine oppgåver er nærare omhandla i kapittel 23 i kommunelova og forskrift 17. juni 2019 nr. 904 om kontrollutval og revisjon. Ytterlegare rettleiing kan finnast i Kontrollutvalsboka som ligg på regjeringa.no.

4.3 Utval

Kommunelova har i § 5-7 føresegner om "utval". Utval omfattar òg det som tidlegare har vore omtala som faste utval eller komitear. Kommunane har ein stor grad av fridom til å avgjere kva utval som skal opprettast, kva arbeidsoppgåver og myndigheit dei skal ha, og kor lenge utvalet skal vere i funksjon.

Det er kommunestyret som opprettar eit utval, og fastset kva saker utvalet skal handsame. Eit utval kan få myndigheit til å ta avgjerder så lenge ikkje anna følgjer av lov, men eit utval kan òg berre få utgreiingsoppgåver eller ein innstillingsrett. Utvala kan bli oppretta for ei konkret sak, berre vere i funksjon ein viss periode, eller dei kan vere varige og vere i funksjon heile valperioden.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemer og varamedlemer til utvala, og det er òg kommunestyret som skal velje leiar og nestleiar. Medlemene skal veljast på vanleg måte, det vil seie at det er avtaleval så lenge det ikkje er minst ein medlem som krev forholdsval. Leiar og nestleiar skal veljast ved fleirtalsval. Sjå kapittel 7 om valmåtane.

Dersom utvalet har fått myndigheit til å gjere vedtak, så kan utvalet delegere denne myndigheita til leiaren eller til eit arbeidsutval. Det gjeld likevel berre saker som ikkje har prinsipiell tyding, sjå § 5-7 fjerde ledd. Kommunestyret kan likevel fastsetje at det ikkje er høve til å gjere ei slik delegering.

Kommunestyret har etter § 5-7 femte ledd ein rett til når som helst å omorganisere eller leggje ned eit utval. Det vil seie at kommunestyret når som helst kan gjera eit nytt val av alle medlemene i utvalet. Når utvalet er oppretta og medlemene er vald, så kan ikkje kommunestyret gjere andre endringar i samansetninga utan at det blir gjort eit fullstendig nyval av utvalet. Dersom eit parti eller gruppe ønsker å bytte ut «sin» medlem, må alle medlemene i utvalet bli vald på nytt.

Utvalet kan sjølv opprette arbeidsutval som må bestå av medlemer av utvalet. Medlemene av arbeidsutvalet skal veljast ved avtaleval, så lenge ikkje minst ein medlem krev forholdsval. Nytt i lova er at det er presisert i § 5-7 at utvalet sjølv når som helst kan omorganisere eller leggje ned arbeidsutval dei har oppretta. I tillegg har utvala fått myndigheit til å sjølv velje nye medlemer eller setjemedlemer, viss medlemer trer endeleg ut eller får mellombels fritak frå arbeidsutvalet. Framgangsmåten for nyval og val av setjemedlemer til arbeidsutval er nærare beskrivne i kapittel 9.

4.4 Kommunestyrekomitear

Kommunestyret kan delast inn i komitear som førebur saker og innstiller til kommunestyret. Slike ”reine” komitear, utan avgjerdsmyndigheit og utan kompetanse til å sende ei sak tilbake til administrasjonen, er regulert i kommunelova § 5-9. Her er også valet av medlemer uttømmande regulert.

Kommunestyret avgjer sjølv om slike komitear skal opprettast, og fastset kor mange medlemer den einskilde komiteen skal ha. Det må vere minst tre medlemer i kvar komité. Komiteane kan ikkje ha avgjerdsmyndigheit, men berre ha myndigheit til å gje ei innstilling i saker som skal avgjerast av kommunestyret.

Det er berre medlemene i kommunestyret som kan veljast til komiteane. I utgangspunktet er alle medlemene av kommunestyret valbare. Ein kommunestyremedlem som òg er medlem av kontrollutvalet, er likevel utelukka frå val, jf. kommunelova § 23-1 tredje ledd om at ein komitémedlem ikkje kan veljast til kontrollutvalet. Kommunestyret kan sjølv vedta at ordføraren skal vere fritatt frå val.

Val til komiteane skjer på grunnlag av ei innstilling frå eit valutval, jf. § 5-9 tredje ledd. I motsetnad til det som gjeld elles ved avtaleval, er det tilstrekkeleg med alminneleg fleirtal for å rekne valet som gjennomført. Det er såleis ikkje noko krav om samrøystes oppslutning i kommunestyret.

Innstillinga frå valutvalet skal innehalde så mange namn som talet på medlemer i den einskilde komiteen, med opplysning om kva gruppe medlemen representerer. I tillegg kan innstillinga innehalde så mange varamedlemer som svarer til talet på medlemer kvar gruppe skal ha, med tillegg av to. Det er berre varamedlemer til kommunestyret som er valbare som varamedlemer til komiteane.

Når det gjeld krav til kjønnsbalanse, fastset lova i § 5-9 fjerde ledd at komiteane skal setjast saman etter den same kjønnsmessige samansetninga som det veljande organet har. Val til alle komitear må derfor skje samla. Regelen inneber at dersom det for eksempel er 40 prosent kvinner og 60 prosent menn i kommunestyret, skal dette fordelingstalet leggjast til grunn ved valet til den einskilde komiteen. Den same fordelinga skal leggjast til grunn når det gjeld val av varamedlemer.

Dersom ein medlem av kommunestyret trer endeleg ut, skal vedkomande varamedlem tre inn, ikkje berre i den ledige plassen i kommunestyret, men òg automatisk inn i den komiteen der den som tredde ut var medlem.

Kommunestyret kan når som helst omorganisere eller leggje ned komiteane.

Komiteane kan sjølv opprette arbeidsutval med medlemer av komiteen, om ikkje kommunestyret har bestemt noko anna. Nytt i kommunelova § 5-9 sjette ledd er at det er presisert at komiteen òg sjølv når som helst kan omorganisere eller leggje ned arbeidsutval dei har oppretta, så lenge kommunestyret ikkje har bestemt noko anna.

4.5 Styret i kommunale føretak

Det er kommunestyret sjølv som avgjer om det skal opprettast eit kommunalt føretak. Det er eit styre som leiar føretaket. Det er kommunestyret sjølv som vel leiar, nestleiar og dei andre medlemene av styret i føretaket, jf. kommunelova § 9-5 første ledd. Kommunestyret kan når som helst gjere nyval av dei styremedlemene kommunestyret sjølv har vald.

I tillegg til styremedlemene som kommunestyret vel, så heiter det i § 9-6 første ledd at eit fleirtal av dei tilsette i føretaket kan krevje at inntil 1/5 av styremedlemene skal

veljast av og blant dei tilsette. Kongen kan gje forskrift om mellom anna gjennomføringa av valet og korleis tal på tilsette skal reknast, men det er ikkje fastsett nokon forskrift.

Styret i kommunale føretak er «andre kommunale organer», som betyr at dei same reglane gjeld for styret som for folkevalde organ, jf. § 5-2 tredje ledd. Det skal derfor gjerast nyval av styret ved starten av valperioden. Reglane for kommunale føretak i lova kapittel 9 gjer likevel nokre særlege føresegner som går føre dei allmenne føresegnene i kommunelova. Mellom anna er det nokre særlege føresegner i § 9-7 som avvik frå dei vanlege reglane om folkevalde verv og medlemskap i folkevalde organ. I motsetnad til det som elles gjeld, er valperioden for styremedlemer to år så lenge det ikkje er bestemt noko anna i vedtektene i føretaket. Ein styremedlem har òg rett til å tre ut av styret før valperioden er over, dersom det ligg føre særlege grunnar. Dette er eit avvik frå føresegnene som elles gjeld om å tre ut frå folkevalde verv i § 7-9.

4.6 Val til organ i interkommunale samarbeid etter kommunelova

4.6.1 Innleiing

Kommunar skal velje medlemer til folkevalde organ i den einskilde kommunen, men òg til det ein kan kalle for «interkommunale folkevalde organ». Dette er folkevalde organ som er samansett av medlemer frå fleire kommunar og/eller fylkeskommunar. Felles, folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid, representantskap og andre styringsorgan for eit interkommunalt politisk råd og representantskap for eit kommunalt oppgåvefellesskap er slike folkevalde organ etter kommunelova § 5-1 andre ledd bokstavane f, i og j. Underordna styringsorgan i kommunalt oppgåvefellesskap er andre kommunale organ etter § 5-2 andre ledd. Som det er gjort greie for i kapittel 2.3, gjeld dei same reglane for andre kommunale organ som for folkevalde organ.

Val av folkevalde organ bør i følgje lova § 7-1 tredje ledd andre punktum haldast i det konstituerande møtet. Dette gjeld òg for interkommunale folkevalde organ som deltakarkommunen sjølv skal velje medlemer til, slik som representantskapet i interkommunale samarbeid etter kommunelova kapittel 18 og 19 og felles folkevald nemnd etter § 20-3. Funksjonstida til dei sitjande medlemene blir forlengde til det er gjennomført nyval, men ikkje lenger enn til første årsskiftet i den nye valperioden, sjå § 7-1 femte ledd og kapittel 2.2.

4.6.2 Interkommunale politiske råd

Eit interkommunalt politisk råd skal etter § 18-3 ha eit representantskap som øvste organ, og representantskapet kan òg sjølv velje å opprette andre organ til styring av rådet. Val av medlemene til dei ulike organa i rådet blir regulert av dei allmenne føresegnene i kapittel 7, men det er nokre særreglar ein må hugse på.

Medlemene til representantskapet skal veljast av kommunestyret i kvar kommune, jf. § 18-3 første ledd. Dersom samarbeidsavtalen ikkje seier noko anna, er det representantskapet sjølv som vel leiar og nestleiar. Representantskapet kan velje at vervet som leiar og nestleiar skal gå på omgang mellom deltakarane i rådet. Det er representantskapet sjølv som vel medlemer, leiar og nestleiar av eventuelle andre styringsorgan i rådet, jf. § 18-3 fjerde ledd.

For kommunar med parlamentarisk styreform er det nokre eigne valreglar i § 18-3 første og andre ledd. Første ledd slår fast at det òg kan veljast medlemer av kommunerådet, og dette er derfor eit unntak frå § 10-2 tredje ledd om at medlemer av kommuneråd skal tre ut av alle andre kommunale verv i perioden vedkomande er medlem av kommunerådet. Vidare slår § 18-3 fast at kommunestyret kan gje kommunerådet myndigheit til å velje representantskapsmedlemer. Så lenge kommunestyret ikkje har bestemt noko anna, kan kommunerådet delegere denne myndigheita vidare til ein einskild medlem av kommunerådet.

Medlemene i representantskapet blir vald for fire år av gongen dersom ikkje samarbeidsavtalen seier noko anna, sjå § 18-3 tredje ledd. Å fastsetje noko anna enn fire års funksjonsperiode for medlemene i representantskapet er for eksempel aktuelt i høve kor samarbeidet blir oppretta midt i ein valperiode. Den einskilde deltakarkommunen kan når som helst byte ut medlemene og varamedlemene dei sjølv har vald, og nye medlemer skal då veljast for resten av valperioden. Dette må i så fall gjerast ved nyval av alle medlemene kommunen sjølv har vald til representantskapet. Dei andre kommunane behøver likevel ikkje gjere nyval berre fordi éin kommune vel nye medlemer.

4.6.3 Kommunalt oppgåvefellesskap

Eit kommunalt oppgåvefellesskap skal ha eit representantskap som øvste organ, jf. § 19-3, og representantskapet har høve til å opprette andre organ til styring av oppgåvefellesskapet.

Reglane om å velje medlemer til representantskapet og eventuelle andre underordna styringsorgan i kommunalt oppgåvefellesskap er i stor grad dei same som for organa i interkommunale politiske råd som er omtala ovanfor. Dette gjeld mellom anna kven som skal velje medlemene, sjå § 19-3 første og andre ledd, og at dei vanlege reglane i § 7-2 og § 7-3 gjeld. Det er likevel nokre skilnader.

Det er for det *første* ikkje mogleg å velje ein medlem av kommunerådet som medlem i representantskapet, og dagleg leiar i oppgåvefellesskapet kan ikkje vere medlem av representantskapet.

For det *andre* er ikkje kommunedirektør, kommunalsjefar, etatssjefar og leiarar på same nivå utelukka frå å bli vald til underordna styringsorgan i oppgåvefellesskap, slik dei elles er i folkevalde organ, sjå § 7-3 andre ledd. Dette er på same måte som for interkommunale selskap og aksjeselskap, kor leiarar i administrasjonen i kommunen kan veljast til styret. Viss kommunedirektør og kommunalsjefar, etatssjefar og leiarar på same nivå veljast til underordna styringsorgan i oppgåvefellesskap, er ikkje dei folkevalde, sjå § 5-1 femte ledd. For det *tredje* er ikkje underordna styringsorgan i oppgåvefellesskap nemnt i lista over folkevalde organ i § 5-1 første ledd. Desse blir rekna som eit anna kommunalt organ etter § 5-2. Som vist til i punkt 2.3 og 2.5, har dette ikkje nemneverdig praktisk betyding då det er dei same reglane som gjeld, og medlemene er folkevalde etter definisjon i § 5-1 fjerde ledd.

4.7 Andre organ

4.7.1 Partsamansette utval

Etter kommunelova § 5-11 skal alle kommunane opprette eit eller fleire partssamansette utval (administrasjonsutval). Utvala skal handsame saker som gjeld forholdet mellom dei tilsette og kommunen som arbeidsgjevar. Partssamansette utval følgjer i hovudsak dei vanlege føresegnene om utval, jf. § 5-11 fjerde ledd og § 5-7. Lova opnar for andre ordningar dersom minst 3/4 av dei tilsette ønskjer det.

Utvalet skal ha representantar for kommunen og dei tilsette, men fleirtalet av utvalet skal vere kommunen sine representantar. Det er kommunestyret sjølv som vel sine representantar, og det er dei tilsette som vel sine representantar blant dei tilsette. Representantane for dei tilsette blir valde for to år av gongen. Bortsett frå at bustadskravet ikkje gjeld, så gjeld dei vanlege føresegnene om valbarheit i §§ 7-2 og 7-3,

sjå denne rettleiaren kapittel 6. Kommunestyret skal òg sjølv velje leiaren og nestleiaren av utvalet.

4.7.2 Lovpålagte råd for medverknad

Kommunane har plikt til å ha tre medverknadsorgan: Eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetjing og ungdomsråd. Det går fram av kommunelova § 5-12 at kommunestyret sjølv skal velje råda.

Råda for medverknad er rådgjevande organ for kommunen, og dei har rett til å seie si meining i saker som gjeld høvesvis eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom. I lova er det gjevne nokre rammar for kven som kan veljast til råda. Fleirtalet av medlemene i eldrerådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år. Dei som blir valde til ungdomsrådet skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år. Valperioden for ungdomsråda skal vere inntil to år, noko som er kortare enn for dei to andre råda som har ein valperiode på fire år.

Eldrerådet, råd for personar med funksjonsnedsetjing og ungdomsrådet er i kategorien andre kommunale organ etter § 5-2. Reglane som gjeld for folkevalde organ skal òg gjelde for andre kommunale organ. Det går fram av § 5-1 at dei som er vald av personar i eit folkevald organ til å sitje i eit anna kommunalt organ er rekna som folkevalde. Reglane som gjeld for folkevalde gjeld derfor for medlemene av eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetjing og ungdomsrådet.

Organisasjonar som representerer eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom har rett til å fremje framlegg om medlemer til det rådet som representerer deira interesse. Dette går fram av forskrift om medverknadsordningar (FOR-2019-06-17-727). Organisasjonar for ungdom inkluderer for eksempel elevråd, fritidsklubbar og ungdomshus. Organisasjonane bør få informasjon om retten til å fremje framlegg om medlemer i god tid før valet.

Det er kommunestyret som vedtar samansetninga av råda. Dei avgjer òg kor mange medlemer og varamedlemer råda skal ha.

Råda for medverknad vel sjølv sin leiar og nestleiar. Valet skal gjennomførast ved fleirtallsval. Det vil seie at valet skal vere opent og skal gjerast ved å vise røysteteikn. Dette er presisert i nye § 7-8 andre ledd. Ved val av leiar og nestleiar *i ungdomsråda og andre medverknadsorgan for ungdom* kan likevel kvar einskild medlem krevje skriftleg avstemming, sjå nytt sjette ledd i § 5-12. Grunngjevinga for unntaket er at medlemene

av ungdomsråda kan vere mindreårige, og at open røysting kan opplevast utrygt og gjere terskelen for høg til å stille til val som leiar og nestleiar.

Det skal veljast separate råd for eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom. Den klare hovudregelen er to separate råd for eldre og personar med funksjonsnedsetjing. Det er likevel ei viss moglegheit for å ha eit felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetjing, når det ut frå lokale høve er nødvendig, for eksempel om det ikkje er nok kandidatar til å kunne opprette to separate råd.

Nytt i lova er at råda for medverknad kan opprette eigne arbeidsutval. Dette følgjer av § 5-12 femte ledd. Medlemene av arbeidsutvalet skal veljast av og blant medlemene av råda for medverknad. Valet skal skje på same måte som elles, det vil seie ved avtaleval så lenge det ikkje er minst ein medlem som krev forholdsval. Råda for medverknad kan sjølv når som helst omorganisere eller leggje ned slike arbeidsutval.

Kommunestyret kan velje å opprette andre rådgjevande organ for kommunen som varetek ein bestemt gruppe sine særskilde interesser, for eksempel personar med fleirkulturell bakgrunn. Slike organ må i tilfelle bli oppretta som *utval* etter kommunelova § 5-7.

4.7.3 Kommunedelsutval

Det følgjer av kommunelova § 5-7 første ledd andre punktum at kommunestyret sjølv kan opprette eit utval med ansvar for ein avgrensa geografisk del av kommunen som blir kalla kommunedelsutval. Alle føresegnene i lova som gjeld for utval, gjeld som hovudregel også for eit kommunedelsutval. Fylkestinget har ikkje ein tilsvarande rett, slik at det ikkje er mogleg å opprette eit "fylkesdelsutval".

Medlemene i kommunedelsutvala veljast på same måte som andre utval. Lova opnar òg for at kommunestyret kan vedta at det skal vere eigne direkte val av medlemer i kommunedelsutval, sjå § 5-8. Medlemene blir i dei høva vald direkte av innbyggjarane, og utvalet vel sjølve leiar og nestleiar. Ved direkte val til kommunedelsutval vil føresegnene i vallova gjelde så langt dei passer. Utval som er direkte valde etter § 5-8 kan ikkje omorganiserast eller leggjast ned av kommunestyret i løpet av valperioden. Det er gjeve ei forskrift om direkte val til kommunedelsutval (FOR-2003-01-03-8), som står ved lag òg etter den gjeldande kommunelova.

Det er nytt i lova at kommunestyret ikkje har høve til å velje nye medlemer eller setjemedlemer viss ein medlem av eit direkte vald kommunedelsutval trer endeleg ut av

utvalet eller får mellombels fritak, sjå § 7-10 andre og tredje ledd. Dersom ein medlem trer endeleg ut eller får mellombels fritak, skal varamedlemer frå same liste tre inn i denne medlemens stad. Dette betyr at det heller ikkje skal veljast ny varamedlem viss ein varamedlem trer endeleg ut, men at varamedlemene rykker opp i den rekkjefølga dei er vald. Reglane blir dermed på same måte som for kommunestyret. Innbyggjarane i kommunedelen har med endringane fått auka innflytelse ved direkte valde kommunedelsutval.

5 OM VAL AV KOMMUNERÅD OG PARLAMENTARISK STYREFORM

5.1 Aktuelle lovreglar

Kommunelova har i kapittel 10 reglar om parlamentarisk styreform i kommunar. Det er i tillegg tatt inn føresegner som gjeld parlamentarisk styrte kommunar i fleire paragrafar i lova, som for eksempel § 18-3 andre ledd.

For dei kommunane som har innført parlamentarisk styreform, skal eit kommuneråd erstatte formannskapet. Rådet er òg den øvste administrative leiinga i kommunen, og erstattar derfor også kommunedirektøren, jf. § 10-2 første ledd. Etter § 10-2 andre ledd kan danning av kommuneråd skje på ein av to måtar, og det er kommunestyret sjølv som avgjer kva for metode som skal brukast. Den eine måten er at det skal haldast val av råd i medhald av § 10-4 i lova. Den andre er at ordføraren utpeikar ein kandidat til å leie kommunerådet eller fylkesrådet. Denne får i oppdrag å danne råd, og set sjølv saman rådet. Dette går fram av § 10-5. Dei to metodane for å opprette råda er skildra i punkt 5.2 og 5.3.

5.2 Val av kommuneråd

5.2.1 Valtidspunkt

Ved vidareføring av parlamentarisk styreform skal det veljast eit kommuneråd i det konstituerande møtet etter kommunestyrevalet, jf. kommunelova § 10-4 andre ledd. Det er kommunestyret sjølv som avgjer om kommunerådet skal opprettast etter føresegnene i § 10-4 om val av kommuneråd eller i § 10-5 om utpeiking av kommunerådsleiar.

Det er i utgangspunktet ikkje nokre særskilde valbarheitsreglar for val av rådet. Dette inneber at dei vanlege reglane i kommunelova § 7-2 om valbarheit og kven som er utelukka i § 7-3 gjeld, sjå omtale i kapittel 6.

Det som er særskilt for kommunar med parlamentarisk styreform, er § 7-3 første ledd bokstav h om at tilsette i sekretariatet til kommunerådet som har fått delegert myndigheit frå rådet, ikkje er valbare. Tolking av omgrepet "rådets sekretariat" vil liggje til kommunestyret eller fylkestinget. Kva for personar i rådet sitt sekretariat som kan utøve delegert myndigheit, vil gå fram av interne instruksar og reglement.

Kommunelova § 10-4 femte ledd har føresegner om val av kommuneråd. I eit framlegg til råd skal det stå kven som skal vere leiar, nestleiar og medlemer av rådet. Det er dei som fremjar eit framlegg som fastset kor mange medlemer rådet skal ha. Retten til å føreslå medlemer vil liggje til det partiet/dei partia som ønskjer å danne råd. Røystinga over dei ulike framlegga skjer etter føresegna i § 11-9 andre ledd.

Reglane i § 7-7 om kjønnsmessige samansetning ved avtaleval gjeld for framlegg til medlemer av kommunerådet etter § 10-4 femte ledd. Desse krava om representasjon frå begge kjønn er nærare omtala i punkt 7.2.

5.2.2 Skifte av kommuneråd i valperioden

Kommunelova inneheld føresegn om skifte av kommuneråd i valperioden. Dersom kommunestyret har vedteke at kommunerådet skal fråtre, eller kommunerådet sjølv har meldt at det vil fråtre, følgjer det av § 10-4 tredje ledd at kommunestyret skal velje nytt kommuneråd seinast i det neste møtet. Det same gjeld viss leiaren av kommunerådet trer ut. Eit nytt kommuneråd trer i funksjon straks det er vald.

Dersom ein medlem av kommunerådet trer ut etter eige ønske eller etter ønske frå kommunestyret, skal rådet i det første kommunestyremøtet føreslå ei ny samansetning av rådet. Medlem som trer ut av kommunerådet, skal fungere i vervet fram til kommunestyret har vedteke ei ny samansetning.

5.2.3 Uttreden frå andre verv medan ein er medlem av kommunerådet

Etter kommunelova § 10-2 tredje ledd og § 10-6 andre ledd trer høvesvis eit rådsmedlem og ein tilsett i ei politisk stilling knytt til kommunerådet ut av sine andre kommunale verv i funksjonsperioden. Det er opp til den einskilde kommunen om dei vil bruke setjemedlemer eller vel nye faste medlemer til dei verva kommunerådane trer ut

av. For vervet som kommunestyremedlem skal ein følgje dei vanlege reglane i kommunelova § 7-10 første ledd om opprykk av varamedlem for den tida ein fast medlem i kommunestyre er medlem av eit kommuneråd.

Føresegnene om å tre ut må forståast slik at kravet gjeld berre i det same forvaltningsnivået som ein er medlem av kommunerådet av. Ein medlem av kommunerådet treng såleis ikkje tre ut av sine fylkeskommunale verv, og ein medlem av fylkesrådet treng på same måte ikkje tre ut sine kommunale verv.

5.3 Utpeiking av kommunerådsleiar og medlemer av kommunerådet

Kommunelova § 10-5 opnar for ein alternativ måte for å danne kommuneråd på. Dersom kommunestyret vel å nytte seg av denne måten, har ordføraren ei plikt til å gje ein kommunerådsleiarkandidat i oppdrag å danne nytt råd når den politiske situasjonen tilseier det. Ordføraren skal peike ut den kandidaten han eller ho etter politiske sonderingar trur kan samle størst oppslutning for eit kommuneråd.

Om eit skifte av kommuneråd er ei følgje av eit kommunestyreval, skal den personen som til kvar tid formelt har ordførarvervet peike ut ein kandidat til vervet som kommunerådsleiar. Den leiarkandidaten som er utpeika, set sjølv saman eit kommuneråd , og det nye kommunerådet konstituerer seg sjølv. Kommunerådet skal derfor ikkje veljast av kommunestyret. Leiarkandidaten bestemmer kor mange medlemer det skal vere i rådet og kven dette skal vere. Når leiaren set saman rådet sitt, er han eller ho likevel bunden av reglane i kommunelova om kjønnsbalanse, jf. tilvisinga til § 7-7 i § 10-5 andre ledd.

Kommunerådsleiaren kan når som helst skifte ut medlemer av kommunerådet. Det inneber at rådsleiaren kan auke eller redusere talet på kommunerådsmedlemer også etter at kommunerådet er konstituert. Kommunerådet skal sende melding til kommunestyret om samansetninga straks det har konstituert seg og straks det har skjedd endringar i samansetninga av kommunerådet.

Funksjonstida til kommunerådet er uavhengig av valperioden for kommunestyret. Ved skifte av kommuneråd blir kommunerådet som fråtrer sitjande inntil eit nytt kommuneråd har konstituert seg.

5.4 Fråtreding frå kommunerådet

Etter kommunelova § 10-7 første ledd, så må eit framlegg om at kommunerådet eller einskilde medlemer av kommunerådet skal fråtre, setjast fram i eit kommunestyremøte. Framlegget skal handsamast i det neste møtet dersom ikkje 2/3 av de i møtande medlemene krev at det skal røystast over framlegget i det same møte der forslaget er fremja.

I fall kommunerådet ønsker å fråtre av eiga ønske, må det melde frå om dette i eit kommunestyremøte, jf. § 10-7 andre ledd. Det kommunerådet som fråtrer skal likevel sitje inntil eit nytt kommuneråd er sett saman.

Føresegnene i § 10-7 gjeld uavhengig av om kommunerådet og medlemene i kommunerådet er vald etter § 10-4 eller utpeika etter § 10-5.

5.5 Politiske stillingar

Eit kommuneråd kan sjølv vedta å opprette politiske stillingar, sjå kommunelova § 10-6. Desse stillingane kan vere knytt til rådet, eller til einskilde medlemer av rådet. Stillinga tek slutt når rådet eller den aktuelle kommunerådsmedlemen fråtrer. For eksempel har høvesvis Oslo og Bergen kommune byrådssekretærar og politiske rådgjevarar knytt til den einskilde byråden, som til ein viss grad kan minne om politiske rådgjevarar eller statssekretærar i departementa.

Personar som er i slike stillingar må, på same måte som medlemer av kommunerådet, fråtre sine andre kommunale verv så lenge har den politiske stillinga. Kommunestyret kan då velje setjemedlemer for andre verv enn medlemskap i kommunestyret i denne perioden.

6 KVEN KAN OG KVEN KAN IKKJE VELJAST TIL FOLKEVALDE ORGAN

6.1 Kven kan veljast

Det er ikkje mange avgrensingar i kven som kan veljast inn i dei ulike folkevalde organa i ein kommune. Eit viktig føremål med lova er å sikre eit representativt lokaldemokrati med aktiv innbyggardeltaking. I kommunelova kapittel 7 er det likevel nokre føresegner

om valbarheit. Dei handlar om kven som er valbare og slår fast at dei som er valbare òg er pliktige til å ta imot valet.

Føresegnene i kommunelova § 7-2 om valbarheit gjeld for dei organa som er nemnt i § 7-2 første ledd. Lova regulerer ikkje val til for eksempel representantskapet i eit IKS, medlemer av eit styre i eit kommunalt eigd AS eller ei foreining. Dei organa § 7-2 gjeld for er:

- kommuneråd og fylkesråd
- utval, medrekna kommunedelsutval, kontrollutval og partssamansette utval
- felles, folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid
- styret for ein institusjon
- styrer etter § 10-8
- representantskap og andre styringsorgan for eit interkommunalt politisk råd
- representantskap og andre styringsorgan for eit kommunalt oppgåvefellesskap
- styret for kommunalt eller fylkeskommunalt føretak
- eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ oppretta med heimel i særlov
- arbeidsutval vald av kommunedelsutval

Kommunestyret og formannskapet er ikkje nemnt i denne opplistinga. Det er fordi valbarheita til kommunestyret er regulert av vallova og at medlemene av formannskapet veljast blant medlemene i kommunestyret, sjå kommunelova § 5-6 andre ledd.

For å vere valbar må ein oppfylle desse vilkåra i § 7-2 tredje ledd:

- ha røysterett ved val til kommunestyre eller fylkestinget
- stå i folkeregisteret som busett i vedkomande kommune/ein av kommunane i fylket på det tidspunkt valet finn stad
- har gjeve skriftleg samtykke til å stille til val

Personar som ikkje har nådd røysterettsalderen kan veljast, dersom dei fyller dei andre vilkåra for valbarheit, jf. kommunelova § 7-2 femte ledd. Det er ingen nedre aldersgrense. Den som ikkje har nådd røysterettsalderen, har likevel ikkje plikt til å ta imot val og treng ikkje vise til anna fritaksgrunn enn alderen for ikkje å ta imot vervet. Ut frå samanhengen må denne føresegna bli oppfatta slik at ho ikkje omfattar dei som

fyller 18 år i løpet av valåret. Dei er røysteføre ved valet, og dermed og pliktige til å ta i mot val til organa dersom dei har gjeve skriftleg samtykke.

Det er folkeregisterføringa på valtidspunktet for val av organa som er avgjerande for valbarheita. Det er ikkje eit krav om at vedkomande har hatt røysterett i kommunen ved kommunestyrevalet. Dette inneber at ein person som har flytta frå ein kommune til ein annan etter valdagen, kan veljast som medlem av eit utval i innflyttingskommunen, dersom vedkomande er blitt registrert som innflyttar til kommunen før kommunestyret gjennomfører valet.

Viss kommunen har kommunedelsutval, kan kommunestyret sjølv vedta at berre dei som er busett i den aktuelle kommunedelen er valbare til det aktuelle kommunedelsutvalet.

Lovkravet om at personar må gjeve skriftleg samtykke til å stille til val, jf. kommunelova § 7-2 tredje ledd bokstav c, var nytt i den nye lova. Dette er eit unntak frå ombodsplikten, og er grunngitt i at det er gjort liknande endringar i vallova. Det er den som føreslår den aktuelle personen som skal hente inn samtykket, og samtykke må liggje føre når kandidaten skal veljast. Samtykke skal gjelde for alle de ulike vala som skal gjerast. Det betyr for eksempel at dersom ein har gitt samtykke om å bli vald til eit utval, må ein også gje samtykke for å bli vald til styret i eit kommunalt føretak. Eit unnatak frå dette utgangspunktet er at departementet har uttala at det ikkje er krav om at medlemer av kommunestyret må samtykke for å bli vald til formannskapet. Når dei har sagt seg villige til å stå på ei liste ved valet til kommunestyret, så skal dette «samtykket» også gjelde ved val til formannskap.

Utover at samtykke må vere skriftleg og ligg føre før valet, er det ikkje andre krav til samtykke. Kandidaten kan gje samtykke på for eksempel SMS eller e-post i løpet av eit møte før sjølve valet blir gjennomført. Kommunen må som hovudregel journalføre dei skriftlege samtykka som sendast til kommunen.

Dette er dei einaste krava til valbarheit som følgjer av lova, og det er ikkje høve for eit kommunestyre å vedta ytterlegare krav for å bli vald til eit folkevald organ. Ei føresegn i eit kommunalt reglement om at medlemer av for eksempel utval må vere medlemer av kommunestyret, er ikkje bindande for partia når dei skal lage lister eller når kommunestyret skal velje medlemer til utvala. Det vil derfor ikkje vere høve til å nekte eit parti å føreslå eit utvalsmedlem, så lenge valbarheitskrava i § 7-2 tredje ledd er

oppfylt. Føresegn om valbarheit i eit reglement vil heller ikkje kunne føre til at krava til kjønnsbalanse i kapittel 7 berre skal følgjast så langt det er mogleg.

Vidare er det ikkje høve til å skrive i samarbeidsavtalen for eit interkommunalt samarbeid kven kommunane skal velje som medlemer av representantskapet, for eksempel ordføraren. Lova slår fast at det er kommunestyret *sjølv* som skal velje medlemer, og det betyr at kommunestyret skal stå heilt fritt om kven de vel, og ikkje skal vere bunde av ei samarbeidsavtale.

6.2 Kven kan ikkje veljast?

På same måte som at det er eit ønske om at flest mogleg skal vere valbare til folkevalde organ, er det eit ønske om at færrast mogleg av dei valbare skal vere utestengde frå å kunne bli vald til eit verv i kommunen. Det er likevel nokre personar lovgjevar meiner ikkje skal ha eit folkevald verv, noko som særleg er grunna i personen sin stilling eller arbeidsoppgåver. For nokre organ i kommunen er det særlege føresegner om kven som ikkje kan veljast, og det er nærare omtala i samband med dei nemnde organa.

Ved val av dei organa som er nemnt i kommunelova § 7-2 første ledd, slår § 7-3 første ledd fast at følgjande personar ikkje kan veljast:

- statsforvaltaren og assisterande statsforvaltar
- kommunedirektøren i kommunen/fylkeskommunen og hans eller hennar avløysar
- kommunalsjefar, etatssjefar og leiarar på tilsvarande nivå
- sekretæren for kommunestyret/fylkestinget
- den som er ansvarleg for rekneskapsfunksjonen i kommunen/fylkeskommunen
- dei som utfører revisjon for kommunen/fylkeskommunen
- tilsette i sekretariatet som utfører tenester for kontrollutvalet i kommunen/fylkeskommunen
- tilsette i sekretariatet til kommunerådet/fylkesrådet som har fått delegert myndigheit frå rådet

I utgangspunktet må kommunen sjølv ta stilling til kven som skal reknast som "kommunalsjefer, etatssjefer og ledere på tilsvarende nivå" Dette kan variera mellom kommunar ut frå korleis administrasjonen er organisert i den aktuelle kommunen/fylkeskommunen, slik at same stillingstittel kan være valbar i eit høve i ein kommune, men ikkje i ein anna. Derfor er lova skreve på denne måten. Eit viktig

utgangspunkt i vurderinga er at færrast mogleg skal vere utestengd frå val til kommunale organ.

Det er tilsettingstilhøvet når organet kjem i funksjon, det vil seie den dagen det har det første møtet sitt, som er avgjerande for valbarheita, jf. kommunelova § 7-3 sjuande ledd. Ein person som på grunn av stillinga ikkje er valbar, kan veljast som medlem av organet dersom vedkomande sluttar i stillinga før organet kjem i funksjon. Det er ikkje tilstrekkeleg med permisjon. Viss vedkomande ikkje har byrja i stillinga, og har fått innvilga permisjon for heile valperioden, meiner departementet at han eller ho likevel er valbar.

Departementet vil presisere at personar som på grunn av stillinga si i kommunen ikkje kan veljast til kommunale organ, likevel er valbare til fylkeskommunale organ. Det same gjeld for personar som på grunn av stillinga si i fylkeskommunen ikkje kan veljast til fylkeskommunale organ, dei kan likevel veljast til kommunale organ. Ein kommunedirektør kan derfor lovleg vere medlem av eit utval i fylkeskommunen.

7 KORLEIS VELJE MEDLEMER TIL FOLKEVALDE ORGAN

7.1 Kva metode skal nyttas?

Val av medlemer til folkevalde organ skal skje som forholdsval når minst ein medlem krev det, jf. kommunelova § 7-4 første ledd. Fleirtalet kan såleis ikkje avvise eit krav om forholdstalsval. For val av formannskap følgjer dette også av § 5-6 andre ledd andre punktum.

Alle folkevalde har ein rett og ei plikt til å røyste, jf. § 8-1 første ledd. Ved val opnar § 8-1 tredje ledd andre punktum for at det er høve til røyste blankt. Det er derfor viktig at det òg er mogleg å røyste blankt ved eit val som skal gjerast ved bruk av røysteteikn.

7.2 Avtaleval

Ved avtaleval er framgangsmåten avhengig av oppslutnad frå ei samrøystes forsamling. Dette gjeld både framlegget over kandidatar, og at valet skal skje som avtaleval.

Det blir lagd fram ei innstilling med namn på kandidatane som organet skal slutte seg til, sjå kommunelova § 7-7 andre ledd. Dette kan for eksempel gjennomførast på den måten at eit valutval, som er sett ned av kommunestyret, legg fram ei innstilling til personsamansetninga i det organet det skal veljast medlemer til. Framlegget kan også

vere laga på bakgrunn av ein avtale mellom gruppene i det organet som skal velje medlemer, der ein legg til grunn at ei gruppe får ein representasjon som svarer til forholdstalsprinsippet. Det betyr at plassane i organet kan fordelast ut ifrå samansetninga i det organet som vel medlemer, og fordelinga mellom gruppene blir omtrent det same i begge organ.

Innstillinga frå valutvalet skal splittast opp, slik at ein nemner medlemer og varamedlemer frå kvart parti eller kvar gruppe, med parti- eller gruppenemning. Varamedlemene blir dermed ikkje varamedlemer for andre enn dei faste medlemene frå vedkomande gruppe, og det er ikkje høve til å opprette ei felles liste over varamedlemer.

Ved avtaleval stiller kommunelova § 7-7 tredje ledd krav om at det skal vere balanse mellom personar frå kvart kjønn blant dei medlemene som blir valde, når ein ser på organet under eitt. Dette inneber at såframt organet skal ha fire medlemer eller fleire, så må kvart kjønn vere representert i organet med minst 40 prosent. Dersom organet har tre eller færre medlemer, så skal kvart kjønn vere representert.

Ved avtaleval stiller kommunelova § 7-7 tredje ledd krav om at det skal vere balanse mellom personar frå kvart kjønn blant dei medlemene som blir valde når ein ser på organet under eitt. Dette inneber at såframt organet skal ha fire medlemer eller fleire, så må kvart kjønn vere representert i organet med minst 40 prosent. Dersom organet har tre eller færre medlemer, så skal kvart kjønn vere representert.

Ved val til organ der det ifølgje kommunelova berre kan vere medlemer som også er medlem av det veljande organet, som for eksempel formannskap og arbeidsutval for folkevalde organa, kan det vere vanskeleg å oppnå desse krava til kjønnsbalanse. Derfor fastset § 7-7 tredje ledd siste punktum, at reglane om samansetninga av representantar frå begge kjønn berre skal følgjast så langt det er mogleg. Dette inneber for eksempel at krava om representasjon frå begge kjønn ikkje gjeld absolutt ved val til formannskap. At kravet likevel gjeld så langt det er mogleg, medfører at ein må kvotere inn personar frå det under-representerte kjønn, så lenge det er nokon som kan veljast.

Innstillinga kan for eksempel sjå ut slik når det skal veljast eit formannskap med sju medlemer (lista er fiktiv og berre til illustrasjon):

Medlemer	Varamedlemer:

Hans Olsen, Arbeiderpartiet Liv Pedersen, Arbeiderpartiet Karl Nilsen, Arbeiderpartiet	Trine Vik, Arbeiderpartiet Ole Andresen, Arbeiderpartiet Hjalmar Lunde, Arbeiderpartiet Kari Olsen, Arbeiderpartiet Eva Nilsen, Arbeiderpartiet
Fredrik Lange, Høyre Kristine Lund, Høyre	Iver Ramm, Høyre Hanne Svendsen, Høyre Richard Os, Høyre Anne Bergli, Høyre
Knut Fredriksen, Fremskrittspartiet	Per Strøm, Fremskrittspartiet Frank Aakre, Fremskrittspartiet Stein Lind, Fremskrittspartiet
Berit Holm, Sosialistisk Venstreparti	Tone Green, Sosialistisk Venstreparti Liv Pedersen, Sosialistisk Venstreparti Hanne Aall, Sosialistisk Venstreparti

Her er det fire menn og tre kvinner blant dei faste medlemene. Kravet i lova om minst 40 prosent er oppfylt. Av dei 15 varamedlemene er det sju menn og åtte kvinner. Det følgjer av lova at det skal vere minst 40 prosent av kvart kjønn også blant varamedlemene. Dette kravet for varamedlemene er oppfylt, det er ikkje i strid med lova at eit parti har berre menn og eit anna har berre kvinner i gruppa av varamedlemer.

Dersom ein kommune nyttar avtaleval for val til organ i interkommunale samarbeid, for eksempel til representantskapet i eit kommunalt oppgåvefellesskap, så gjeld føresegnene om kjønnsbalanse berre for kvar einskild kommune. Medlemene frå kvar

kommune veljast i tråd med krava til kjønnsbalanse, men det er ikkje noko krav for organet som heilskap.

7.3 Forholdsval

7.3.1 Listeframlegg

Valet skjer på grunnlag av lister med framlegg til kandidatar, jf. kommunelova § 7-5 første ledd. Lova set ingen frist for innlevering av listeframlegg. Dette inneber at listeframlegg kan leggjast fram heilt til røystingstidspunktet.

Det er berre dei partia eller grupperingane som er representerte i det organet som vel medlemer (for eksempel kommunestyret), som har rett til å stille liste. Eit parti eller ei gruppering kan berre levere inn eitt listeframlegg. Dersom det blir lagt fram to ulike listeframlegg som begge inneheld kandidatar frå same parti/gruppering, kan berre eitt av dei bli godkjent.

Det er det einskilde partiet eller den einskilde grupperinga som sjølv må ta stilling til kva for eit framlegg som skal gjelde. Ved intern usemje vil det vere det alternativet som får størst oppslutning i partiet/gruppa, som blir partiet/gruppa sitt offisielle listeframlegg. I utgangspunktet har alle medlemene som er valde inn på lista, rett til å ta del i avgjerda om korleis partiet/grupperinga sitt listeframlegg skal sjå ut. Personar som har meldt seg ut av partiet eller som er blitt ekskluderte, vil likevel ikkje ha rett til å ta del i denne prosessen. Medlemer av organet som ikkje lenger representerer eit parti eller ei gruppering, vil i høve til desse føresegnene bli sett på som ei ny gruppering (eventuelt fleire grupperingar), og kan derfor stille eigne listeframlegg.

Kandidatar frå eit parti eller ei gruppering kan berre bli ført opp på listeframlegg som blir levert inn av dette partiet eller denne grupperinga, eventuelt på ei fellesliste som blir levert inn av fleire parti eller grupperingar.

Kommunelova inneheld ikkje noko krav om overskrift på listeframlegget. Etter departementet si oppfatning bør likevel lista ha ei overskrift som viser kva for gruppering(ar) som står bak framlegget.

Kvar liste kan innehalde inntil dobbelt så mange namn som det skal veljast medlemer til organet. Dette er ikkje høve til å kumulere kandidatar.

Til skilnad frå det som gjeld ved avtaleval, er det ikkje noko krav til kjønnsbalanse for organet som heilskap. Ved forholdsval er det berre krav til representasjon av begge kjønn på dei ulike listeframlegga. I § 7-5 andre ledd heiter det at dersom det skal veljast fire medlemer eller fleire, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 prosent blant kandidatane på den einskilde lista. Viss det skal veljast to eller tre medlemer, skal begge kjønn vere representert.

Det vil vere talet på medlemene i det einskilde organet som avgjer kor mange frå kvart kjønn som skal førast opp på listeframlegga. Ved val av formannskap, som etter lova berre skal bestå av medlemer av kommunestyret, skal reglane om kjønnsmessig representasjon følgjast så langt det er mogleg. Kravet til kjønnsmessig representasjon på listeframlegga gjeld altså ikkje absolutt ved val til for eksempel formannskap. Dei som legg fram listeframlegga plikter likevel å oppfylle kravet om kjønnsrepresentasjon så langt det er mogleg også ved desse vala.

Krava i lova om at begge kjønn skal vere representert, gjeld i dei tilfella der det finst kandidatar frå begge kjønn. Dersom det skal veljast sju medlemer, må listeframlegget innehalde minst tre menn og tre kvinner blant kandidatane. Dette vil ikkje vere mogleg om partiet/gruppa består av åtte menn og to kvinner, og ein berre kan velje blant dei ti personane på grunn av krav om gjennomgåande representasjon. Ettersom føresegna skal følgjast så langt det er mogleg, vil listeframlegget måtte innehalde fem menn og to kvinner.

Listeframlegget skal vere underskrive av minst éin medlem av det partiet eller den grupperinga som står bak listeframlegget. Ved ei fellesliste må listeframlegget vere underskrive av minst éin representant for kvart parti/kvar gruppering som står bak listeframlegget. Den eller dei som skriv under må vere medlem av organet som vel. Det er berre høve til å skrive under på eitt listeframlegg, og ingen kan som nemnt vere kandidat på meir enn éi liste.

Departementet meiner at møteleiaren bør informere om dei føresegnene som gjeld for valet. Møteleiaren har ansvaret for at listene er i samsvar med lova, og som dermed bør gjere dei som står bak framlegga oppmerksame på eventuelle manglar ved framlegga. Blir desse ikkje retta, bør møteleiaren (innstille på å) avvise framlegget. Dersom nokon protesterer mot avgjerdene til møteleiaren, skal forsamlinga avgjere spørsmålet med alminneleg fleirtal.

7.3.2 Sjølve valet

Tidlegare var det slik at røystinga måtte skje skriftleg med brukt av røystesetlar. Etter lovendringa som trer i kraft 1. juni 2023, er det no opp til det veljande organet å sjølv avgjere om valet skal skje skriftleg med røystesetlar eller om det skal gjerast ved at medlemene visar røysteteikn. Utgangspunktet er framleis skriftleg val. Ved ulike oppfatningar om valmåten, skal avgjerda om røystingsmåte gjerast med alminneleg fleirtal.

Det er viktig at røysteteiknet er så tydeleg at det ikkje er tvil om kva for liste personen røyster på, men elles er det ingen krav eller føring om korleis røysteteiknet skal vises. Det kan vere med handsopprekking eller ved bruk av digitale hjelpemiddel. I eit fjernmøte kan røystinga skje ved bruk av e-post eller røysteteikn i den digitale plattforma som blir brukt i møtet.

Ved handsaminga av ei ordinær sak har folkevalde normalt røysterett og -plikt, men ved val er det høve til å røyste blankt, jf. kommunelova § 8-1 tredje ledd andre punktum. Dette gjelder både om valet er skriftleg eller ved bruk av røysteteikn. Ved bruk av røysteteikn må det vere tydeleg at den folkevalde røyster blankt.

Valoppgjeret blir gjort av den forsamlinga som gjennomfører valet, og det vil seie av kommunestyret ved val av formannskapet og dei fleste utval. Føresegnene om oppgjeret er i § 7-6. Oppteljinga går føre seg ved at ein registrerer kor mange røyster den einskilde lista har fått.

Mandatutrekninga går føre seg på denne måten:

Ein skal dividere røystetala for kvar liste med delingstala 1, 2, 3, 4, 5 osv. (den såkalla d'Hondts metode). Plassane i organet blir deretter fordelt til dei listene som har dei største kvotientane. Har fleire lister same kvotient, går plassen til den lista som har det største røyste-talet. Har fleire lister det same røystetalet, blir valet avgjort ved loddtrekking. Ein må gjere så mange divisjonar at ein er sikker på at ein har funne fram til dei største kvotientane.

Eit eksempel kan vere der det er 13 plassar i eit organ, og det er seks lister (A-F) ved valet. Røystinga i kommunestyret med 45 medlemer går også fram av kolonnen med delingstal 1. Denne tabellen viser korleis ein reknar seg fram til kor mange medlemer kvar liste får:

Divisjon med:	1	2	3	4	5	6	7
A	**18**	**9**	**6**	**4,5**	**3,6**	**3**	2,57
B	**14**	**7**	**4,66**	**3,5**	2,8	2,33	2
C	**7**	**3,5**	2,33	1,75	1,4	1,16	1
D	**3**	1,5	1	0,75	0,6	0,5	
E	2	1	0,66				
F	1	0,5	0,33				

For å avgjere kor mange medlemer kvar liste får, så finn ein dei 13 høgaste tala (kvotientane) i tabellen, og det er dette som avgjer kven som får dei 13 medlemene i organet. Medlemene fordeler seg slik:

Liste A: 6 medlemer
Liste B: 4 medlemer
Liste C: 2 medlemer
Liste D: 1 medlem
Liste E og F: ingen medlemer i organet.

Så langt det er mogleg, skal kvar liste få tildelt så mange varamedlemer som ho får medlemer, med tillegg av to, jf. § § 7-6 femte ledd. Plassane til varamedlemene blir fordelte ved at ein held fram oppteljinga på same måten som for medlemene.

Krava om representasjon frå begge kjønn

Det følgjer av føresegnene om kjønnsbalanse i kommunelova, at ein må gjere endringar dersom krava i lova ikkje er oppfylt. Som hovudregel skal utpeikinga følgje rekkefølgja på lista, men krava til kjønnsmessig representasjon kan føre til at det må gjerast endringar. Ein må her sjå på den gruppa den einskilde lista har fått vald inn, og ikkje på organet samla. Dette inneber følgjande:

Har lista fått minst fire medlemer, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 prosent frå lista. Dersom det tre eller færre medlemer, skal kvart kjønn vere

representert. Viss det står kandidatar frå det underrepresenterte kjønnet lenger ned på lista, skal desse rykke opp i det omfang det er nødvendig for å tilfredsstille krava til krava til kor mange det må vere frå kvart kjønn.

Desse føresegnene i § 7-6 tredje ledd skal følgjast så langt det er mogleg når det gjeld val av organ der medlemene som veljast må vere medlemer av kommunestyret og ved val av arbeidsutval der medlemene må vere medlemer av utvalet, jf. § 7-6 fjerde ledd.

Dersom ein kommune nyttar forholdsval ved val til organ i interkommunale samarbeid, for eksempel til representantskapet i eit kommunalt oppgåvefellesskap, så gjeld føresegnene om kjønnsbalanse berre for kvar einskild kommune. Medlemene frå kvar kommune veljast i tråd med krava til kjønnsbalanse, men det er ikkje noko krav organet om heilskap.

7.4 Fleirtalsval

Når organet berre skal velje ein person, vil det ofte vere lite formålstenleg med forholdsval eller avtaleval. Etter kommunelova § 7-4 andre ledd skal mellom anna leiaren av eit organ veljast ved fleirtalsval. Reglane om fleirtalsval er i § 7-8.

Nytt i lova frå 1. juli 2023 er ei presisering i nytt § 7-8 andre ledd som gjer det klart at fleirtalsval skjer ved bruk av røysteteikn. Føresegna er no tydeleg på at fleirtalsval skal vere opne og at det ikkje er høve til skriftleg val. Dette er ei presisering av gjeldande rett. Omsynet bak regelen er at val av leiar og nestleiar til ulike organ, som for eksempel ordførar, må vere opent og synleg for alle. Det skal vere mogleg å vite kven som stemt på kven, jf. også krava til møtebok i § 11-4. Lova legg inga føringar på kva type teikn som skal brukast, så lenge det er tydeleg kven ein røyster på. Det er mogleg å røyste blankt, men det må då gjerast på ein slik måte at det blir klart at det er ei blank røyst.

I § 7-8 første ledd første punktum slår lova fast at det er den personen som har fått meir enn halvparten av dei gjevne røystene, som har vunne valet. Dersom det ikkje er nokon kandidat som har fått meir enn halvparten av røystene i den første runden, skal det vere ei ny røysting, jf. § 7-8 første ledd andre punktum. I den andre røystinga er det kandidaten som har fått flest røyster som har vunne. Viss det er to eller fleire som har fått like mange røyster i den andre runden, skal det vere loddtrekning mellom dei som har fått like mange røyster.

Eit eksempel på eit fleirtalsval kan vere at eit organ med elleve medlemer skal velje ein leiar. Det er tre kandidatar, og dei får høvesvis 5, 4, og 2 røyster kvar. Då er det ingen som har fått meir enn halvparten, og det krev ei ny røysting. I denne runden er det framleis tre kandidatar, men no tenkjer vi at dei får høvesvis 5, 5 og 1 røyster kvar. Då skal det vere loddtrekning mellom dei to kandidatane som fekk fem røyster. Hadde dei fått høvesvis 5, 4 og 2 røyster også i den andre runden, så ville personen med 5 røyster ha vunne, sjølv om det ikkje er meir enn halvparten.

8 UTTREDEN, FRITAK M.M.

8.1 Uttreden

Ein folkevald som i løpet av valperioden ikkje lenger oppfyller krava til valbarheit til eit folkevald organ, mister vervet. Personen som ikkje lenger er valbar skal etter kommunelova § 7-9 første ledd automatisk tre ut det aktuelle organet. Det kan for eksempel vere at personen flyttar til ein anna kommune, eller får ei stilling som gjer at han eller ho er utelukka frå valet etter føresegnene i § 7-3. Mister ein folkevald valbarheita, så skal det altså ikkje sendast ein søknad om uttreden eller fritak som skal handsamast i kommunestyret. § 7-9 har ein særleg regel om dei høva kor ein folkevald flyttar ut av kommunen, og ikkje lenger er valbar, men flytter tilbake til den aktuelle kommunen. Dersom han eller ho flyttar tilbake innan to år, kan personen tre inn igjen i vervet.

8.2 Fritak

Ein folkevald kan etter kommunelova § 7-9 andre ledd søke om å bli fritatt frå vervet som folkevald. Fritaket kan vere for alle verv, eller berre for einskilde verv. Det vil seie at ein folkevald kan søke om og få fritak frå vervet i formannskapet og samtidig fortsette som medlem i kommunestyret. Fritak etter § 7-9 andre ledd kan omtales som "frivillig uttreden", og skil seg derfor frå føresegnene i § 7-9 første ledd kor ein automatisk mister vervet og § 7-11 om suspensjon kor kommunestyret tar vervet som folkevald frå ein person.

Dersom ein folkevalde ikkje kan vareta vervet utan at det fører til "vesentlig ulempe for han eller henne", kan kommunestyret etter § 7-9 andre ledd frita han eller ho for resten av valperioden eller mellombels for ein avgrensa periode. Ein kan for eksempel gje fritak for eit halvt år grunna eit studieopphald i utlandet, men fritaket kan òg vere utan

sluttdato. Dette kan vere aktuelt dersom ein medlem av kommunestyret blir statsråd eller statssekretær, ettersom ein ikkje alltid veit kor lenge vedkomande har dette vervet.

Vesentleg ulempe for den folkevalde vil typisk vere den folkevalde si helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold eller andre velferdsgrunnar. Ulempa må som utgangspunkt gjelde den folkevalde sjølv, og det skal normalt ikkje vere fritaksgrunn at for eksempel arbeidsgivaren ikkje er nøgd med at han eller ho er borte for å delta i møte i folkevalde organ. Det skal ikkje vere kurant å gje fritak frå eit folkevald verv. Lova krev at ulempa med å fortsette i vervet skal vere vesentleg. Når kommunestyret handsamar søknaden, skal dei leggje vekt på om grunnlaget for søknaden var kjend då personen ga samtykke til å bli vald til vervet. Ein folkevald som ikkje har nådd alderen for røysterett, har krav på fritak dersom han eller ho ber om det.

Etter § 7-9 tredje ledd kan ein person som har fått eit mellombels fritak, ikkje tre inn i vervet igjen før fritaksperioden er over. I nokre høve vil kommunestyret si avgjerd ha ei sluttdato, men det kan vere at ein gjer fritak så lenge grunnen for fritak er til stades. Det kan for eksempel vere at personen er statssekretær eller går gjennom ei medisinsk behandling. Då vil fritaksperioden vere over når personen ikkje lenger er statssekretær eller når personen ikkje lenger er sjuk, og den folkevalde kan då straks tre tilbake i vervet. Det er derfor viktig at vedtaka om mellombelse fritak er tydelege og klare på kor lenge fritaket varar, og ikkje minst om det er eit mellombels eller varig fritak.

Den folkevalde som ønsker fritak må søke om dette. Kommunestyret kan ikkje frita nokon utan at det har kome ein søknad.

Føresegna om fritak må sjåast i samanheng med § 8-10 om permisjonar til folkevalde som har vervet som sin «hovedbeskjeftigelse». Ei søknad frå ordføraren om permisjon i samband med for eksempel svangerskap eller fødsel må i realiteten òg sjåast på som ei søknad om mellombels fritak. I slike høve vil det ikkje vere nødvendig at ordføraren i tillegg søker om fritak etter § 7-9. Ordføraren vil ha krav på permisjonen, og det er då ikkje grunnlag for kommunestyret til å avslå ein søknad om fritak. Permisjonen til den folkevalde er eit mellombels fritak og føresegnene i § 7-10 og § 7-11 om innkalling av vara og val av setjemedlem gjeld på vanleg måte.

Dersom det er ein folkevald som ønsker eit mellombels opphald i vervet etter dei same grunnane, men ikkje fyller vilkåra i permisjonsføresegna, må den folkevalde søke om fritak for ei avgrensa periode etter § 7-9 andre ledd.

8.3 Suspensjon

Viss det blir teke ut sikting eller tiltale mot ein folkevald i kommunen, kan det vere spørsmål om personen skal halde fram som folkevald. Nytt i lova er at føresegnene om suspensjon er flytta frå kommunelova § 7-11 til ny § 7-12. Samstundes har einskilde inkuriar i føresegnene om suspensjon blitt retta. Feila som er retta, gjekk ut på at nokre mindre alvorlege straffbare høve var lista opp i føresegnene og kunne føre til suspensjon, medan grovare brot ikkje var lista opp. Utanom dette er føresegnene flytta utan innhaldsmessige endringar.

Kommunestyret kan etter § 7-12 første ledd ta vervet frå ein folkevald person fram til saka er rettskraftig avgjord. Dette gjeld berre dersom siktinga eller tiltala for høve som er nemnt i straffelova §§ 151 til 154, § 170 bokstav b, §§ 171 til 175, 209 til 210, 351 til 352, kapittel 27 eller kapittel 30, og i tillegg må tilhøvet ha samanheng med utøvinga av eit verv for kommunen. Dette siste vilkåret gjeld ikkje for tilhøve som er nemnt i straffelova §§ 151 til 154.

Ein slik suspensjon gjeld berre i perioden mellom det er teke ut sikting eller tiltale, og til det er ein rettskraftig dom. I saka kan ein domstol gje dom om tap av retten til ei stilling eller eit verv, sjå straffelova § 58. Dersom domstolen ikkje har avsagt ein dom med tap av retten til vervet, skal den folkevalde personen som hovudregel ta opp att vervet som folkevald i kommunen.

Når det gjeld vervet som ordførar, har kommunestyret etter § 7-12 andre ledd eit utvida høve til å vedta suspensjon. Denne føresegna var ny i kommunelova 2018. Dersom det blir teke ut tiltale mot ein ordførar for eit tilhøve som kan straffast med fengsel i meir enn tre år, kan kommunestyret ta vervet frå ordføraren fram til saka er rettskraftig avgjord. Ei slik avgjerd må gjerast med minst 2/3 av røystene i kommunestyret.

Ei avgjerd om suspensjon er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, som kan klagast på. Enkeltvedtaket kan også vere gjenstand for lovlegkontroll etter kapittel 27 i kommunelova.

8.4 Avgjerder om å ta vervet frå ordføraren

Etter kommunelova § 7-12 fjerde ledd kan kommunestyret sjølv vedta å ta frå ein ordførar vervet på varig basis. Dette kan berre gjerast dersom ordføraren har ein oppførsel som viser at han eller ho er uskikka til å ta hand om vervet. Det skal vere ein

høg terskel for å ta ei slik avgjerd, og det er berre aktuelt i dei tilfella der ordføraren ikkje kan fungere i sitt verv som den fremste folkevalde i kommunen. Tilhøva som kommunestyret kan leggje til grunn, treng ikkje ha samanheng med korleis ordføraren utfører vervet, og det kan vere andre høve som ligg til grunn. Eit eksempel kan vere at ordføraren utviklar alvorleg demens, og ikkje sjølv kan vurdere sin eigen situasjon. Ordføraren vil då kanskje ikkje søke fritak, sjølv om det kan vise seg nødvendig at det blir vald ein ny ordførar. Det står meir om denne typen avgjerder i Prop. 46 L (2018–2019) på side 109 og 365.

Eit slikt vedtak må ha støtte frå minst 90 prosent av medlemene i kommunestyret. Avgjerda om å ta vervet frå ordføraren er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Vedtaket kan også vere gjenstand for lovlegkontroll etter kapittel 27 i kommunelova.

9 OPPRYKK, NYVAL OG SUPPLERINGSVAL

9.1 Opprykk og innkalling av varamedlem

Etter kommunelova § 7-10 første ledd skal varamedlem kallast inn når ein medlem av eit folkevald organ har forfall til eit møte. Varamedlemer skal kallast inn frå den gruppa der det er forfall. Med "gruppe" er her meint den gruppa av parti som gjekk saman om å stille ei felles liste ved valet til det aktuelle organet. Uansett kven frå den aktuelle lista som har forfall, og uansett om valet ble gjennomført ved forholdsval eller avtaleval, skal varamedlemene så langt det er mogleg innkallast i den rekkjefølga dei er vald.

Det hender at ein medlem eller varamedlem til eit folkevald organ melder seg ut av partiet, og inn i eit anna parti, eller vel å vere uavhengig.

Den som er vald inn i formannskapet eller eit anna folkevald organ har både *rett* og *plikt* til å delta i møte, uavhengig av partitilknyting, så lenge vedkomande ikkje mister valbarheita eller får fritak etter søknad. Dersom vedkomande har forfall, skal varamedlem kallast inn frå det partiet han eller ho blei vald inn for, og ikkje det partiet vedkomande har meldt seg inn i. Viss ein varamedlem har skifta parti, skal vedkomande kallast inn når det er forfall frå det partiet han eller ho blei vald inn for, ikkje det partiet vedkomande no representerer.

Lova har ikkje føresegner om korleis kommunen skal omtale ein medlem som har skifta parti når det gjeld innkalling til møte, føring av protokoll m.m. Dette er det opp til kvar kommune å fastsetje.

9.2 Val av setjemedlem

Nytt i kommunelova er ei ny eigen føresegn om setjemedlemer i § 7-11. Føresegna gir ein samla regulering av val av setjemedlemer med fleire endringar frå den tidlegare regelen i kommunelova § 7-10 andre ledd.

Ny § 7-11 fastsett at dersom ein folkevald i eit anna organ enn kommunestyret eller direkte valde kommunedelsutval har eit mellombels fritak på meir enn tre månader, kan kommunestyret velje ein setjemedlem i den perioden. Føresegna presiserer at det òg kan veljast setjemedlem viss det er gitt eit tidsubestemt fritak som ein *antek* vil vare meir enn tre månader.

Setjemedlemer skal som hovudregel reknast som faste medlemer av organet så lenge dei er valde. Det vil seie at dei mellom anna skal få innkalling, kunne krevje lovlegkontroll og at dei skal teljast med når ein reknar kjønnsbalanse ved eit nyval.

For at kommunestyret kan velje setjemedlem, må det vere gjeve eit *fritak*. Som nemnt over skal permisjon etter § 8-10 reknast som eit fritak, og det kan veljast setjemedlem viss ein folkevald har fått permisjon i over tre månader. Kommunestyret kan ikkje velje ein setjemedlem sjølv om det er klart at personen ikkje vil komme på møte det neste halvåret, så lenge det ikkje er gjeve eit fritak. Då skal varamedlem innkallast etter kommunelova § 7-10 første ledd. Departementet understrekar at det ikkje *må* veljast ein setjemedlem ved fritak på meir enn tre månader. Det er frivillig om kommunane ønsker å bruke denne moglegheita. Dersom det ikkje blir vald ein setjemedlem, skal varamedlem innkallast som elles ved eit forfall til eit møte.

Det er ikkje lenger eit krav at kommunestyret må følgje rekkefølgja på lista over varamedlemer ved val av setjemedlem. Det vil seie at kommunane no har større fridom til å bestemme sjølv kven som skal veljast som setjemedlem. Regelen er at ein setjemedlem skal bli valt frå den same gruppa som medlemen som har blitt fritatt høyrde til. Gruppa skal sjølv føreslå kven som skal bli vald og informere kommunestyret om dette. Kommunestyret skal velje denne kandidaten, så framt lovkrava for å velje denne personen elles er oppfylt. Det er dei vanlege reglane om valbarheit som gjeld for setjemedlemer. Det er ikkje eit krav om å sjå på kjønnsbalansen når det skal veljast ein setjemedlem.

Det er vidare nytt at folkevalde organ som opprettar arbeidsutval sjølv kan velje setjemedlemer til arbeidsutvala. På same måte som elles, skal gruppa føreslå kven som

skal bli valt, sjå § 7-11 tredje ledd. Det folkevalde organet som oppretta arbeidsutvalet skal deretter velje denne kandidaten, så framt lovkrava for å velje personen er oppfylt.

Nytt i føresegna er òg at direkte valde kommunedelsutval har fått lik regulering som kommunestyret, slik at kommunestyret ikkje lenger kan velje setjemedlem for desse utvala. Viss ein medlem i eit direkte vald kommunedelsutval får mellombels fritak, må derfor vara bli innkalla.

9.3 Opprykk og nyval

9.3.1 Innleiing

Reglane om opprykk og nyval følgjer av kommunelova § 7-10. Ettersom det er vedteke ei ny føresegn om setjemedlemer, er reglane om opprykk og nyval i kommunelova § 7-10 forskyvd. Føresegna om opprykk er flytta frå § 7-10 tredje ledd til andre ledd, føresegna om nyval er flytta frå fjerde ledd til tredje ledd, og så vidare. I tillegg er det nytt i lova at direkte valde kommunedelsutval har fått same regulering som kommunestyret, slik at reglane er like for folkevalde organ som er valt direkte av innbyggjarane.

9.3.2 Opprykk i kommunestyret og direkte vald kommunedelsutval

Dersom ein medlem av kommunestyret trer endeleg ut av vervet (for eksempel ikkje lenger er valbar eller får fritak for resten av valperioden), skal ein varamedlem frå same liste rykke opp og ta deira plass og bli nye faste medlemer i kommunestyret, jf. § 7-10 andre ledd. Dei skal rykke opp i den rekkefølgja dei er vald, og organet må følgje lista over varamedlemer. Føresegna om opprykk gjeld no òg for direkte valde kommunedelsutval.

9.3.3 Nyval når medlemer trer endeleg ut av folkevalde organ som ikkje er direkte vald

Viss ein medlem av eit anna folkevald organ enn kommunestyret eller direkte vald kommunedelsutval trer endeleg ut av vervet eller får varig fritak, skal det veljast ein ny medlem. Dette gjeld sjølv om det er vald varamedlem. Føresegna om nyval følgjer no av § 7-10 tredje ledd. Det skal òg veljast ein ny varamedlem dersom ein varamedlem trer endeleg ut av organet.

Eit slikt *nyval* skal skje frå den same gruppa som den som trer ut av organet er med i, jf. § 7-10 tredje ledd andre punktum. Med «gruppe» viser lova til dei partia som gjekk

saman ved valet av det aktuelle organet, ikkje gruppe ved kommunestyrevalet. Dette gjer det mogleg – dersom den som trer ut høyrer til ei gruppe som er basert på samarbeid mellom fleire parti – å velje ein ny medlem frå det same partiet som den som går ut. Men det er òg mogleg å velje ein ny medlem frå eit anna parti som er med i same gruppa.

Prinsippet om representasjon frå begge kjønn gjeld òg ved nyval av medlemer av folkevalde organ i valperioden. Føresegner om dette er tatt inn i § 7-10 tredje ledd tredje punktum. Den nye medlemen skal kome frå det kjønnet som er underrepresentert, dersom ikkje begge kjønn vil vere representert med minst 40 prosent etter utskiftinga.

Krava om representasjon av begge kjønn gjeld her i høve til *heile organet*, ikkje i høve til den einskilde gruppa. Dersom for eksempel ein mannleg medlem får fritak ut valperioden i formannskapet, som har ni medlemer (tre kvinner og seks menn), skal det veljast ein ny medlem. Viss det er mogleg, skal kommunestyret velje ei kvinne (frå den same gruppa som den som går ut), som blir den som går inn i formannskapet. Etter utskiftinga vil dermed formannskapet bestå av fire kvinner og fem menn.

Det er dei vanlege valbarheitsføresegnene som gjeld ved nyval. Fordi det ikkje er krav om gjennomgåande representasjon i utvala, kan det vere at eit parti eller ei gruppe må finne ein ny utvalsmedlem som ikkje har stått på liste til kommunestyrevalet og som ikkje sitt i kommunestyret, for å kunne oppfylle krava til kjønnsbalanse.

Det følgjer likevel av føresegna at ein representant frå det underrepresenterte kjønnet skal tre inn ”hvis det er mulig”. Reservasjonen er nødvendig fordi val av medlemer til mellom anna formannskap skjer på grunnlag av lovfastsett krav om gjennomgåande representasjon. Det vil derfor kunne oppstå tilfelle kor det ikkje finst nokre medlemer for det underrepresenterte kjønnet frå den aktuelle gruppa som kan erstatte medlemen som går ut.

Føresegnene om representasjon frå begge kjønn gjeld òg ved suppleringsval av varamedlemer, jf. kommunelova 7-10 femte ledd. Sjå neste punkt i denne rettleiaren om suppleringsval.

Eit nyval etter § 7-10 tredje ledd skjer ved at partiet eller gruppa som treng ein ny medlem blir einige og føreslår kven som skal veljast. Kommunestyret blir informert om kven det er, og skal velje den aktuelle kandidaten så fremt kandidaten er valbar. Det er

ikkje eit fleirtalsval, og det er dermed ikkje høve for eit fleirtal av kommunestyret å velje nokon annan enn den personen som partiet eller gruppa har føreslått.

Ved nyval rykker den nye medlemen inn på den ledige plassen, og det same gjeld òg for nyvalde varamedlemer. Dersom det skal veljast ein varamedlem for å "erstatte" varamedlemen på andre plass av ei liste på fem varamedlemer, så går vedkomande inn som andre varamedlem ettersom dette er den ledige plassen. Det er òg mogleg å velje at den som er tredje varamedlem skal rykke opp på den ledige plassen, jf. Prop. 46 L (2018–2019) side 117 flg.

Nytt i lova er at folkevalde organ som har oppretta arbeidsutval sjølv kan velje nye medlemer ved nyval til arbeidsutvalet. Dette følgjer no av kommunelova § 7-10 sjuande ledd. Framgangsmåten er lik som elles, det vil seie at gruppa i det folkevalde organet føreslår kven som skal bli valt, og at det folkevalde organet skal velje denne medlemen så lenge han eller ho er valbar.

9.4 Suppleringsval

Dersom eit parti eller ei gruppe si liste med varamedlemer til formannskapet eller eit anna folkevald organ viser seg å vere for kort, opnar kommunelova § 7-10 femte ledd for at det er mogleg å supplere på denne lista med nye varamedlemer. Medlemene blir valde på same måte som ved nyval. Ved suppleringsval kan varamedlemer veljast fast eller mellombels. Dei nye varamedlemene skal plasserast nedst på lista over varamedlemer.

10 VERKNADER AV AT FEIL

10.1 Kva skjer dersom eit organ som ikkje er lovleg samansett gjer vedtak

Spørsmålet om eit folkevald organ er samansett i samsvar med reglane om kjønnsbalanse, vald på ein ulovleg måte eller at organet har ein medlem som ikkje er valbar og kva følgjer denne eventuelle feilen kan få for dei vedtaka organet har gjort, kan dukke opp i to samanhengar. For det første kan det vere sett fram krav om lovlegkontroll etter kommunelova § 27-1. For det andre kan det vere som grunnlag i ei klage på eit vedtak etter føresegnene i forvaltningslova § 28 andre ledd.

Departementet meiner at feil om samansetninga eller valet, ikkje automatisk fører til at alle dei vedtaka organet har gjort blir ugyldige. Ein må gjere ei konkret vurdering av kvart einskild vedtak. Dersom det er grunn til å rekne med at ei feilaktig samansetning av utvalet ikkje har hatt noko å seie for innhaldet i vedtaket, vil vedtaket kunne vere gyldig, jf. prinsippet i forvaltningslova § 41.

10.2 Korleis rette feil ved valet

Nokre gonger skjer det feil med valet. Det kan for eksempel vise seg at ein ikkje har klart å følgje krava til kjønnsbalanse eller at ein har vald eit medlem som ikkje er valbar. Dei som er valde til organet, skal reknast for å vere valde fram til valet kjennes ugyldig og det gjerast eit nytt val. Då kan det mellom anna bli spørsmål om organet må gjera eit heilt nytt val eller om det andre måtar å rette feilen på.

Departementet legg til grunn at kommunen berre må gjere rettingar som er nødvendig for å skapa eit lovleg samansett organ. Det betyr at viss ei gruppe eller parti for sin del ikkje har oppnådd korrekt kjønnsbalanse etter kommunelova § 7-6, eller det er vald ein person som ikkje er valbar, så gjer ein berre eit nytt oppgjer for denne lista dersom det er mogleg. Dersom det på lista ikkje er kandidatar som kan rykke opp og sikre at det er korrekt kjønnsbalanse og valbare medlemer, må det gjerast eit nytt val av alle medlemene i organet, det vil seie et eit nyval av organet.

11 VAL OG KONSTITUERING AV NYTT KOMMUNESTYRE VED DELING AV KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

Frå 1. januar 2024 blir Ålesund kommune, Viken fylkeskommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune og Troms og Finnmark fylkeskommune delt til nye einingar.

Valet i desse fylkeskommunane og Ålesund kommune hausten 2023 skal gjennomførast som om delingane allereie er gjennomført, jf. forskift 5. oktober 2022 nr. 1705 om valg til fylkesting i 2023 i fylker som skal deles og forskrift 5. oktober 2022 nr. 1704 om valg til kommunestyrer i 2023 i kommuner som skal deles.

Konstituering av nytt kommunestyre og fylkesting i kommunar og fylkeskommunar som skal delast i nye einingar er ikkje regulert i kommunelova eller inndelingslova. Departementet har med heimel i inndelingslova § 13 og § 17 fastsett forskrifter om gjennomføring av dei einskilde delingane. I det følgjande gjer departementet greie for forskriften om gjennomføringa av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og

Ålesund kommune. Det er gitt tilsvarande reglar i forskrifter for delinga av Viken fylkeskommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune og Troms og Finnmark fylkeskommune.

Innkalling til konstituerande møte er særskilt regulert i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune § 4, kor det følgjer at:

> Ordførar i noverande Ålesund kommune kallar inn til konstituerande møte i dei to nyvalde kommunestyra innan utgangen av oktober 2023. Ordførar skal også leie dei konstituerande møta inntil ordførarar i nye Ålesund kommune og Haram kommune er valde. Elles gjeld reglane i kommuneloven § 7-1 første til fjerde ledd om konstituerande møte i nytt kommunestyre.

Nytt kommunestyre kan berre gjere vedtak som gjeld den nye kommunen. Avgjerdene som er tatt av nytt kommunestyre vil i utgangspunktet ikkje ha rettsverknad overfor den eksisterande kommunen. Slike avgjerder vil i hovudsak ikkje ha formell verknad før etter at den nye kommunen formelt trer i kraft 1. januar 2024.

Etter forskrifta § 5 blir funksjonsperioden til kommunestyret i noverande Ålesund kommune forlengde ut over valperioden og fram til ikraftsetjinga av dei nye kommunane 1. januar 2024. Etter at kommunestyra i dei nye kommunane er konstituerte og fram til 31. desember 2023, blir ansvaret og fullmaktene til kommunestyret i noverande Ålesund kommune avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i den noverande kommunen. Den eksisterande kommunen er ansvarleg for den daglege drifta i kommunen og for tenestetilbodet til innbyggjarane fram til dei nye kommunane trer i kraft.

Funksjonsperioden for andre organ i kommunen vil ha ei tilsvarande avgrensing, både når det gjeld funksjonsperiode og fullmakter. Dette følgjer av at kommunestyret som øvste organ i kommunen har fått kompetansen sin avgrensa etter denne føresegna. For eksempel vil kontrollutvalet i noverande Ålesund kommune vere i funksjon fram til 31. desember 2023, og kontrollverksemda deira vil berre omfatte noverande Ålesund kommune. Departementets rundskriv til forskriftene om gjennomføring av delingane er publisert på regjeringen.no:

Rundskriv H-5/22 Merknader til forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune

Rundskriv H-8/22 Merknader til forskrift om gjennomføring av deling av Troms og Finnmark fylke - regjeringen.no

Rundskriv H-7/22 Merknader til forskrift om gjennomføring av deling av Vestfold og Telemark fylke - regjeringen.no

Rundskriv H-6/22 Merknader til forskrift om gjennomføring av deling av Viken fylke - regjeringen.no

Utgjeve av:
Kommunal- og distriktsdepartementet

Publikasjonar er tilgjengelige på:
www.regjeringa.no
Publikasjonskode: H-2545 N
Juni 2023